

# REGLAR - DYRSKU'N 2019

Med atterhald om justeringar



DYRSKU'N  
SIDAN 1866

Vi ynskjer at Dyrsku'n skal vere eit profesjonelt og føreseieleg arrangement kor utstillarane får vist fram sine tilbod på ein best mogleg måte i hyggelege omgjevnader. Plassen skal vere trygg, ryddig og tilgjengeleg.

For å oppnå dette har Dyrsku'n Arrangement AS følgjande reglar for utstillarane under DYRSKU'N 2019:

## Generelt

- Kontaktpersonen har ansvar for å informere sine kollegaer/medarbeidarar på standen om gjeldande reglar.
- Vi ynskjer ein god miks og oversikt over aktiviteten og det er av den grunn ikkje høve til framleige eller bytte av stand.
- Plassen er disponibel ei veke før og ei veke etter arrangementet.
- Vi ynskjer å bruke alt areal, og plassar som ikkje er teken i bruk innan fredag kl. 09.00, vil såleis bli gitt til andre.
- Salsplassane skal halde opent i heile opningstida frå kl. 09-20 på fredag og laurdag, og kl. 09-18 på søndag. Tildelt standskilt skal hengast godt synleg opp på standen. ID-band skal vere festa rundt armen under heile arrangementet.
- Plakatar og annan reklame kan ikkje setjast opp eller distribuerast utanom eigen stand.
- Ambulerande sal er ikkje tillate. Alt sal/marknadsføring skal skje inne på eigen stand.
- Bruk av droner må søkast om i kvart einskild tilfelle.

## Salsplassen

- Telt/vogner/bilar må få plass innanfor måla på standen (også drag på vogn/bardunar/betonglodd til telt). Telt e.l. må vere forsvarleg festa med betonglodd e.l.
- Flaggstenger skal sikrast forsvarleg og det er ikkje lov å feste banner e.l mellom to stenger.
- Vi oppmodar til å parkere privatbilar på parkeringsplassen for utstillarar.
- Utstillar disponerer standplass frå vegkant og bakover hovudsakleg til midten av feltet. Ved tvilstilfelle, ta kontakt med Utstillarkontoret for tilvising.
- Det er utstillars ansvar å halde salsplassen og området rundt ryddig og fri for søppel.
- Ei veke etter utstillinga må alt gods vere fjerna frå utstillingsområdet. Om dette ikkje har skjedd, blir den einskilde utstillar belasta for utgifter med å rydde plassen.
- Utstillarar som har særskilte behov for straum, må sjølv ha dette i beredskap i tilfelle straumbrott. Det er ein straumkurs (ca. 1,5kw) inkludera i standleiga. Alt utover dette må meldast inn til arrangør i god tid. Ved bestilling av ekstra straum etter 1. september kjem eit påslag på 20%
- Salsplassane skal ha minimum 1 stk. 6 kg brannsløkkingsapparat.
- Bruk av stemmeforsterkar/lyd-anlegg er ikkje tillate. Ta omsyn til dine naboar! Dette gjeld og støy frå maskinar, sagbruk osb. Tenk at det skal vere mogleg å snakke saman på nabostanden.
- Gjeldande reglar for bruk av verneutstyr i samband med opp-/nedrigg skal følgast.
- Det er ikkje tillate å prøvekøyre utstyr/maskinar under marknaden. Dette gjeld òg t.d. Segway og elektriske sykklar. Gravemaskinskuffer m.a. skal stå på bakken under arrangementet.
- Ved evt. oppstart av maskinar, skal dette gjerast under påsyn av utstillar. Nyklar skal fjernast frå maskina etter bruk.

DYRSKU'N ARRANGEMENT AS Nordbygdivegen 60, 3840 SELJORD

Tlf.: 35 06 57 70

E-post: [post@dyrskun.no](mailto:post@dyrskun.no)

Org.nr.: 976 466 365

[www.dyrskun.no](http://www.dyrskun.no)



**DYRSKU'N**  
SIDAN 1866

## Sal

- Alle som sel næringsmiddel må vere registrera hos Mattilsynet.
- Alle må følgje krav til kassasystem (kassasystemlova) og nytt regelverk som trer i kraft frå 01.01.2019.
- Arrangøren har inngått avtale om sal av serveringsmat på plassen. Det er ikkje tillate å selje serverings-klar mat utan avtale.
- Sal av sukkerspinn, popcorn, baconcrisp o.l. er ikkje tillate utan avtale.
- Loddsal. Seljar må sjølv ordne med løyve frå politiet.
- Ulovlege varer: Sal av el-sigarettar, softgun, fjær-/luftvåpen, gassballongar, sprayboksar som medfører forsøpling, varer som medfører helsefare, narkotikasymbol/brukarutstyr, kastestjerner, sverd, kinaputtar, springknivar o.l. er ikkje tillate. Det er ikkje lov å selje varer som strider mot norsk lov.

## Ferdsel

- Varetransport må skje før og/eller etter opningstida dei tre Dyrsku'n-dagane. Dette gjeld for alle køyretøy, også ATV. Sundag kveld opnar portane for innkøyring til plassen kl. 18.30.
- Fartsgrensa for køyring inne på marknadsområdet er maks 20 km/t.

## Ansvar

- Utstillarane skal følgje gjeldande norske lovar og aldersgrenser, og spesielt lovar og reglar for sal jf. m.a. brukthandlar-lova og lov om meirverdiavgift.
- Utstillarane er ansvarlege for skader utført i aktløyse som dei, folka deira, produkt, utstyr o.l. påfører bygningar, innreiingar, anlegg og personar.
- Alle utstillarane skal ha teikna eigen ansvarsforsikring med ein forsikringssum på minimum kr. 10 millionar pr. skadetilfelle.
- Arrangøren dekker ikkje tap eller tilbakebetaling av utlegg (leige, avgifter o.l.) i samband med forhold som ligg utanfor vår kontroll; t.d. vêt, tredjemanns- og leverandørars handlingar, force majeure o.l. I alle høve kan det ikkje krevjast erstatning for indirekte tap.
- Arrangøren dekker ikkje tap i samband med tjuveri, skadeverk, sabotasje o.l.

## Ro og orden

- Det er tillate å overnatte på eigen stand. Tal på personar som overnattar skal meldast inn ved innsjekk.
- Det skal vere tilgang til brannsløkkingsapparat i overnattingseininga.
- Det skal vere ro på plassen i perioden 24.00-06.00

## Sanksjoner

- Ved brot på reglane kan arrangøren vise bort utstillarar frå plassen og avvise framtidige søknader frå utstillarar.

## Avbestilling

- Frist for avbestilling av standplass er 1. august.
- Ved avbestilling etter oppgitt dato, må standleige betalast i sin heilheit.

### Kontakt under arrangementet

Alle spørsmål i samband med reglane rettast til:

Utstillaransvarleg/ Vakt- og beredskapsleiar

DYRSKU'N ARRANGEMENT AS Nordbygdivegen 60, 3840 SELJORD

Tlf.: 35 06 57 70

E-post: [post@dyrskun.no](mailto:post@dyrskun.no)

Org.nr.: 976 466 365

[www.dyrskun.no](http://www.dyrskun.no)